



Møte i Studentparlamentet

nr 5/19-20

Onsdag 26. februar 2020

Møterom Kaarstad 202

Kl 16-19.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 42 – 19/20:	Opprop og val av møteleiing	2
Sak 43 – 19/20:	Godkjenning av innkalling og saksliste	3
Sak 44 – 19/20:	Godkjenning av referat frå møte 29.01.20.....	3
Sak 45 – 19/20:	Orienteringar	4
Sak 46– 19/20:	Presentasjon, studentombod Kjersti Brevik Møller	4
Sak 47 – 19/20:	Trivselsveka 2020	5
Sak 48 – 19/20:	Endring av møtedato for mars-møtet	5
Sak 49 – 19/20:	Presentasjon, Juvente.....	6
Sak 50 – 19/20:	Val av studentrepresentantar til Strategi 21 HVO.....	6
Sak 51 – 19/20:	Suppleringsval, arbeidsgruppe nytt mediebygg.....	7
Sak 52 – 19/20:	Suppleringsval, varamedlem skikkanemda	7
Sak 53 – 19/20:	Val av studentrepresentantar til Digi-GLU	8
Sak 54 – 19/20:	Val av utsendingar til LM NSO 2020	8
Sak 55 – 19/20:	Høyring, campusutviklingsplan for HVO.....	9
Sak 56 – 19/20:	Eventuelt.....	9

Sak 42 – 19/20: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Namneopprop

Val av møteleiing og teljekorps

Forslag til vedtak:

- Mathilde Gaalaas-Berg vert vald til ordstyrar
- Marit Aklestad vert vald til referent
- David Bernatek og Marit Aklestad vert valde til teljekorps

Sak 43 – 19/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Ordstyrar

Godkjenning av møteinnkalling

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Godkjenning av saksliste

Eventuelle merknadar eller endringar av sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet:

Dagsorden for studentparlamentsmøte 26.02.20				
16:30	42	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	43	Godkjenning av innkalling og saksliste	V	Ordstyrar
	44	Godkjenning av referat frå møte 29.01.20	V	Ordstyrar
16:35	45	Orienteringar	O	Trym
17:00	46	Presentasjon, studentombod Kjersti Brevik Møller 15 min	O	Trym
17:15	47	Orientering, Trivselsveka 2020	O	David
	48	Endring av møtedato for mars-møtet	V	David
17:30		Pause		
17:40	49	Presentasjon, Juvente 10 min	O	Trym
17:50	50	Val av studentrepresentantar til Strategi 21 HVO	V	David
17:55	51	Suppleringsval, arbeidsgruppe mediebygget	V	David
18:00	52	Suppleringsval, varamedlem skikkanemda	V	Anna
18:05	53	val av studentrepresentantar, arb.gruppe Digi-GLU	V	Trym
18:10	54	Val av utsendingar til LM NSO 2020	V	Paloma
18:20	55	Høyring: Campusutviklingsplan for HVO. Gruppearbeid.	D	Trym
18:50	56	Eventuelt		
18:55		Møteslutt		
19:00		Møtekritikk		

Sak 44 – 19/20: Godkjenning av referat frå møte 29.01.20

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1 – referat frå møte i Studentparlamentet 29.01.20

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 29.01.20.

Sak 45 – 19/20: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

HVO: Strategi 21 og nytt mediebygg (Niels Jørgen Andreasen)

SiVolda: Val til styret i SiVolda og stud.representant til Studentprisen 2020 (Jan Henning Egset)

AU

- Møte i Studentrådet torsdag 27.02. kl 15.30 (Mathilde)
- Internasjonal dag (Paloma)
- Pris for internasjonalisering (Paloma)
- Sosialt vårsemesteret (David)
- Nytt Fadderstyre (Trym, Arnaud)
- Vedtektsendringar og suppleringsval (Trym)
- Høyring, retningslinjer for forskning og personvernopplysningar (Trym)
- Framleis behov for å ta møta på engelsk? (Trym)

Info frå stud.repr. i råd og utval

Sak 46– 19/20: Presentasjon, studentombod Kjersti Brevik Møller

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Høgskulen i Volda har fått nytt studentombod, Kjersti Brevik Møller, gjennom ordninga vi deler med Høgskulen på Vestlandet. Ho vitjar oss og vil orientere om studentombodsrolla og korleis vi som studentar kan nytte ombodet.

Bakgrunn

Studentombodet er ein uavhengig bistandsperson som kan gje studentar råd om kva rettar ein har i studietida, og korleis ein kan gå fram dersom ein opplever noko som urettvist eller feil. Det vart lovfesta i 2019 at alle høgskular og universitet skal ha eit studentombod. Høgskulen i Volda har ein samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet der vi deler på stillinga.

Meir informasjon:

<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/stortinget/2018-2019/inns-201819-2991.pdf>

<https://khrono.no/iselin-nybo-nso-studentombud/fra-i-dag-av-har-alle-rett-pa-studentombud/294311>

<https://www.hvl.no/studentombodet/>

Sak 47 – 19/20: Trivselsveka 2020

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: David Bernatek

Velferdsgruppa ved HVO planlegg eit trivselsveke 23.-27. mars 2020. Studenthumanist Lone Ellingvåg Knutsen og studentrådgjevar Eli Anne Løkxa i Studentsamskipnaden vil orientere om arbeidet.

Bakgrunn

Velferdsgruppa vart stifta i fjor som eit velferdstilbod for å ivareta studentane si psykososiale miljø. Gruppa består av studenthumanist Lone Ellingvåg Knutsen, studentrådgjevar Eli Anne Løkxa i SiVolda, velferdsansvarleg i AU David Bernatek, Elin Gundersen på biblioteket, Line Lauvsnes Oddekalv på kommunikasjon og organisasjonskonsulent Marit Aklestad, i tillegg til å kople på relevante personar og fagmiljø ut i frå planlagt aktivitet.

Velferdsgruppa arbeider for å skape fleire sosiale møteplassar og eit godt studiemiljø for alle studentane på høgskulen. Gruppa samarbeider med HVO, Studentparlamentet og Fadderveka, og har allereie arrangert fleire vellukka arrangement som psykisk helsemånaden i oktober 2019 og hjelp i førstehjelp i eksamenstida.

Velferdsgruppa er til for studentane. Lone og co vil difor gjerne få tilbakemelding på gode idear eller om du kan tenkje deg å stille opp som frivillig på nokon av arrangementa.

Sak 48 – 19/20: Endring av møtedato for mars-møtet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: David Bernatek

AU synest det er uheldig at neste studentparlamentmøte kolliderer med trivselsveka 2020. Datoen kolliderer også med Solstrand-seminaret, som Leiar Trym Nikolas Rimmen deltek på. AU føreslår difor å flytte møtet ei veke, til onsdag 1. april 2020.

Forslag til vedtak: mars-møtet i Studentparlamentet blir flytta til 1. april 2020.

Bakgrunn

Velferdsgruppa som planlegg Trivselsveka ynskjer at AU, Studentparlamentet og dei tillitsvalde støttar opp om og er aktive i Trivselsveka som frivillige. Trivselsveka er til for oss studentar, og då er det dumt å leggje opp til at aktive tillitsvalde i Studentdemokratiet ikkje får delteke på programmet til Trivselsveka grunna møtet som er planlagt 25.03.20.

Det er også krevjande for AU å gjennomføre møter i Studentparlamentet utan leiar til stades. Au ser difor fleire fordelar med å endre dato til 01.04.20.

Sak 49 – 19/20: Presentasjon, Juvente

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Vi får besøk av Elise Hustad Honningdalsnes og Kristine Flatnes frå organisasjonen Juvente. Dei vil presentere organisasjonen og eit prosjekt knytt til rusførebygging ved studiestart og i fadderveka.

Bakgrunn

Informasjon frå nettsidene til Juvente:

Juvente er ein ungdomsorganisasjon som jobbar for ei verd basert på menneskeverd og solidaritet der rusmiddel ikkje skaper problem. Juvente jobbar med rusførebygging, ruspolitikk, solidaritetsarbeid og å skape trygge og inkluderande ungdomsmiljø over heile landet. Ei sentral sak for Juvente er å minske drikkepresset i samfunnet og skape rusfrie arenaer for ungdom og unge vaksne.

Juvente er partipolitisk uavhengig og livssynsnøytral organisasjon. Les meir på nettsidene deira: <https://juvente.no/>

Sak 50 – 19/20: Val av studentrepresentantar til Strategi 21 HVO

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: David Bernatek

Det skal veljast studentar til den nye prosjektgruppa som skal utarbeide ny strategi for HVO gjennom prosjektet Strategi 21 HVO. Gjeldande strategiplan går ut i 2020, og arbeidsgruppa skal leggje fram forslag til ny strategiplan for Høgskulestyret i desember 2020. Prosjektleder Niels Jørgen Andreasen vil orientere om saka under orienteringane i starten av møtet i Studentparlamentet.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel to studentrepresentantar til Strategi 20 HVO.

Bakgrunn

Gjeldande strategiplan for HVO 2017-2020:

https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/Strategiplan%20for%20H%C3%B8gskulen%20i%20Volda%202017%202020_revidert%2008.03.2018.pdf

Info på nettsidene til HVO: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/strategi-og-vision>

Sak 51 – 19/20: Suppleringsval, arbeidsgruppe nytt mediebygg

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: David Bernatek

Det er ynskjeleg med ein student til i prosjektgruppa til nytt mediebygg. Prosjektleiar Niels Jørgen Andreassen vil også informere om denne saka under orienteringane i starten av møtet.

Saka vart også presentert på sist møte i Studentparlamentet, som gjorde følgjande vedtak:

Vedtak: Arnaud Duhamel går inn som studentrepresentant i prosjektgruppa for det nye mediebygget. (akklamasjon)
AU arbeider med å finne ein til kandidat til neste SP-møte. (samrøystes)

Forslag til vedtak: Kishore Gajendra vert vald til studentrepresentant i arbeidsgruppa for nytt mediebygg.

Bakgrunn

I 2021 får Høgskulen i Volda splitter nytt mediebygg, tilpassa ei medieutdanning for framtida. Bygget skal huse alle mediefaglege utdanningar, 500 mediestudentar og femti tilsette, samt vere senter for arbeid med digital kompetanse i læring.

Høgskulen har ein eiga samleside med alt om byggjet og byggjeprosessen:

<https://www.hivolda.no/mediebygg>

Sak 52 – 19/20: Suppleringsval, varamedlem skikkanemda

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Anna Kristin Indridadottir

Paloma Lorenzale Alonso kan ikkje vere fast representant i både skikkanemda og klagenemda. Ho beheld plassen sin i klagenemda, medan vara Michelle Connor Søreng rykkjer opp som fast medlem i skikkanemda. Vi treng då nye varamedlemmar til skikkanemda.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ny 1. og 2. vara til skikkanemda.

Sak 53 – 19/20: Val av studentrepresentantar til Digi-GLU

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Studentparlamentet skal velje 1 til 2 studentar til styringsgruppa for Digi-GLU.

Styringsgruppa er leia av Odd Helge Mjellem Tonheim, og har møter to gongar i semesteret. Sidan prosjektet går fram til 2021, er det ynskjeleg å velje representantar som held fram som studentar ved HVO også komande studieår.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ein eller to studentar til styringsgruppa til Digi-GLU

Bakgrunn

Digi-GLU er eit prosjekt på lærarutdanninga for å vidareutvikle den profesjonsfaglege digitale kompetansen til lærarstudentar, tilsette og i praksisfeltet i skulesektoren. Prosjektet er finansiert av Kunnskapsdepartementet, og Volda er ein av fem institusjonar som er valde ut til å delta. Prosjektleiari er høgskulelektor Synnøve Hedemann Amdam. Prosjektperioden går ut 2020, og blir avslutta vinteren 2021.

Sak 54 – 19/20: Val av utsendingar til LM NSO 2020

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonso

NSO sitt landsmøte 2020 finn stad i Tønsberg 17.-19. april.

NSO inviterer også til formøte 27.-29. mars.

Studentparlamentet i Volda har tre delegat-plassar på landsmøtet, som får dekt alt av kostandar til reise og opphald gjennom NSO. Studentparlamentet har i tillegg tradisjon for å sende ein til to observatørar til landsmøtet som vi kostar sjølv.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel utsendingar til LM-NSO 2020

Bakgrunn

Landsmøtet (LM) er NSO sitt øvste organ, der dei viktigaste avgjerdene i organisasjonen blir tekne. Landsmøtet blir arrangert i april kvart år, og består av representantar frå alle medlemslaga til NSO. LM er eit høgdepunkt i året i studentdemokratiet. Det er svært lærerikt, sosialt og spanande å delta på LM, men også krevjande og utfordrande. Dei som reiser må rekne med lange dagar og mange saker å halde styr på, men også mykje engasjement, energi og leven. Å treffe andre engasjerte studentar rundt om på andre institusjonar bidreg til nye impulsar, nettverk og erfaring å ta med seg vidare.

NSO si infoside om LM har alt av oppdatert info og saker som skal opp. Frist for å føreslå nye saker til LM er 6. mars. Frist for å sende inn forslag til resolusjonar er 15. mars. <https://student.no/lm10/>

Sak 55 – 19/20: Høyring, campusutviklingsplan for HVO

Type sak:	Diskusjonssak / gruppearbeid
Sakshandsamar:	Trym Nikolas Rimmen
Vedlegg:	Vedlegg 2 – Campusutviklingsplan for HVO utkast 2 Vedlegg 3 – Innspel frå oktobermøtet i Studentparlamentet Vedlegg 4 – Innspel AU Campusutviklingsplan utkast 1

Høgskulen i Volda utarbeider ein campusutviklingsplan for HVO. Campusutviklingsplanen skal seie noko om dei overordna linjene og planane for å vidareutvikle høgskuleområdet framover. Den skal peike ut ei retning for korleis dei fysiske bygga og omgjevnadane ved HVO skal byggje opp under samfunnsoppdraget til høgskulen og skulen sine faglege og strategiske mål. Campusutviklingsplanen betyr difor mykje for korleis høgskulen skal utviklast vidare til studentane sitt beste.

Det første utkastet til campusutviklingsplan har vore på ei mindre, intern høyring ved HVO i januar, der AU sende inn innspel (sjå vedlegg 2). No har prosjektgruppa jobba vidare med innspela frå første runde, og legg planen ut på full høyring i heile organisasjonen. Studentparlamentet har no moglegheit til å kome med sine innspel til planen.

Meir bakgrunnsinformasjon og bakgrunnsdokument som ligg til grunn for utkastet til campusutviklingsplan ligg tilgjengeleg på nettsidene til HVO: <https://www.hivolda.no/om/utkast-til-campusutviklingsplan-hvo-versjon-2>

Handsaming i Studentparlamentet: Fristen for å sende høyringssvar er 01.04.20. AU ynskjer difor at Studentparlamentet tek saka opp til diskusjon/gruppearbeid på dette møtet, før vi utarbeidar og vedtek endeleg høyringssvar på neste møte.

Sak 56 – 19/20: Eventuelt

Type sak:	Diskusjonssak
Sakshandsamar:	Trym Nikolas Rimmen

Møtekritikk etter møteslutt